

-Kvil ikkje for mykje på laurbæra!

01.10.2014



Kjell Yri åtvare mot for mykje svevn på laurbær

Uskedalen har fått sterk ros i media i det siste, ikkje minst i Kvinnheringen for byggjeboom. Men under det faste møtet i Uskedal Utvikling i Gamleskulen ikveld kom lokalpolitikar Kjell Yri (V) med ei viss åtvaring.
- Det positive vi opplever no er for ein stor del resultat av det som har skjedd før. Vi må ikkje kvile for mykje og for lenge på laurbæra, sa Yri.



[Rektor Urheim skal opne skulen for dei som vil komma](#)

Den nye rektor Lilli Bitt Urheim, presenterte skulen, og kollegene sine på ein svært positiv måte og roste dei for innsatsen fram til fullføringen

av byggeprosjektet. Ho gjorde også sjølv eit svært positivt inntrykk og varsla at det vil verta ein open dag for bygdefolket.

Skulen sitt plassbehov vart også berørt under møtet, mellom anna for parkering. Oddbjørn Kroka meinte at med den utvikling som ein no ser skal ein ikkje utelukka at det snart er 200 nye uskedelingar.

Gro Hjelmeland (Gros Blomster) sa at det ikkje minst var eit resultat av gode tilbakemeldingar at ho hadde satsa slik ho har gjort. No har ho dreve butikken i 6 år. Ho starta forsiktig og åleine men no er dei 3 bak disken og alle er utdanna i faget. Dei 2 fekk stor ros av sjefen, som streka under at beliggenheiten er ideell og det er også parkeringsplassen. Også Gro hadde registrert den positive utviklingen i bygda som ikkje minst er eit resultat av god dugnadsånd.

Anbjørn Høvik orienterte om Festidalen som han kalla ein nødvendig fargeklatt som ein stad treng. Festivalen er no mykje breiare enn han var frå starten. 30-40 har den som ein heilårshobby og det er 150-200 frivillige frå fjern og nær. Festidalen skal ha noko å by på for alle, understreka Høvik, som imidlertid streka under at dei treng fleire folk, særleg yngre, for å utvikla arrangementet vidare.

Møteleiar og leiar i UU Kristian Bringedal hadde denne replikken:- Dykk er ein frisk gjeng og vi har mykje å lære av dykk!

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Gro med blomane har også hatt suksess